

# MØTEINNKALLING

---

Utval: **KOMMUNESTYRET**  
Møtestad: **TINGSALEN**  
Møtedato: **13.11.2008** Tid: **1300**

---

Event. forfall må meldast til tlf. 57 65 56 00. Varamedlemer møter etter nærare varsel.  
Saksdokumenter er utlagde i Service-ekspedisjonen og i biblioteket.

## SAKLISTE:

<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsak nr. Tittel</b>
58/08	07/515 <b>Utval av faste møtefullmektigar til forliksrådet 1. mai 2008 – 31. desember 2012</b>
59/08	08/712 <b>Søknad om Støtte- Alarmsentralen</b>
60/08	08/578 <b>Oppmoding om busetting av flyktningar i 2009</b>
61/08	08/685 <b>Uttale til handlingsprogram - vegnett</b>
62/08	08/360 <b>Utvalde kulturlandskap i jordbruket - forvaltningsplan for Grinde -Engjasete</b>
63/08	07/566 <b>Kommuneplan 2008 – 2016. Utlegging av planen</b>
64/08	08/716 <b>Orienteringar</b>

# LEIKANGER KOMMUNE

## MØTEBOK

### Utval av faste møtefullmektigar til forliksrådet 1. mai 2008 – 31 desember 2012

---

Sakshandsamar: Ole Opheim Røthe  
Arkivsak nr.: 07/515

Arkiv: 033 X43

---

Sak nr.:	Utval	Møtedato
112/08	Formannskapet	04.11.2008
58/08	Kommunestyret	13.11.2008

#### Formannskapet sitt FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Som faste møtefullmektigar til forliksrådet i Leikanger oppnemner Leikanger kommunestyre

1. Knut Eggum
2. Ingunn Broch Hauge
3. Tore Oddvin Stølen

Oppnemninga gjeld for inneverande valperiode for forliksrådet, fram til 31. desember 2012.

#### TILRÅDING:

Som faste møtefullmektigar til forliksrådet i Leikanger oppnemner Leikanger kommunestyre

4. Knut Eggum
5. Ingunn Broch Hauge
6. Tore Oddvin Stølen

Oppnemninga gjeld for inneverande valperiode for forliksrådet, fram til 31. desember 2012.

#### DOKUMENT:

- Rundskriv frå Justis- og politidepartementet

## SAKSUTGREIING:

Ved kvart forlikråd skal det i følgje forskrift om forlikråda vere eit utval av faste møtefullmektigar. Ein møtefullmektig møter på vegne av ein av partane i sak som er under handsaming i forlikrådet.

Til møtefullmektig kan oppnemnast personar over 25 år med allmenn god samfunnsmessig kunnskap og som kan uttrykke seg godt på det norske språket både skriftleg og munnleg. Møtefullmektigen skal gjerast kjende med at ho/han i den einskilde sak berre skal ivareta den eine parten sine interesser, slik at handlingane til møtefullmektigen ikkje blir påverka av uvedkomande omsyn, som t.d. eigen interesse.

Godtgjersle til medlemene skal dekkast av vedkomande part.

Ordninga med møtefullmektigar i forlikråda trådde i kraft frå 01.01.06 i samband med omorganiseringa av den sivile rettspleia på grunnplanet (forlikrådet). Møtefullmektigane skal oppnemnast av kommunen for inntil 4 år om gongen og følgje den kommunale valperioden. I ein kommune på storleik som Leikanger skal det vere minimum 3 medlemmer i utvalet av faste møtefullmektigar.

Fram til 30.april 2008 var følgjande oppnemnd som møtefullmektigar:

1. *Knut Eggum*
2. *Kjerstin Risnes*
3. *Tore Oddvin Stølen*

# LEIKANGER KOMMUNE

## MØTEBOK

### Søknad om Støtte- Alarmsentralen

---

Sakshandsamar: Odd Arve Rakstad  
Arkivsak nr.: 08/712

---

Arkiv: 223 M82

**Sak nr.:** Utval  
59/08 Kommunestyret

**Møtedato**  
13.11.2008

#### TILRÅDING:

**Leikanger kommune godkjenner følgjande tilleggspunkt i selskapsavtalen for alarmsentralen Sogn og fjordane:**

- Alarmsentralen skal kunne ta opp lån i samsvar med reglane i lov om interkommunale selskap § 22.
- Den øvre ramma for samla låneopptak i selskapet vert sett til NOK 8 mill

#### DOKUMENT:

- Søknad om utvida Låneramme frå alarmsentralen
- Protokoll frå representantskapsmøte 4. november 2008(vedl)

#### SAKSUTGREIING:

Alarmsentralen treng strakstiltak frå kommunane. På representantsmøte 18 juni 2008 blei det gjort to vedtak:

1. **Lånefinansiering av tryggleiksalarmer i 2008.** Sum 935 00,-. Avtalane var inngått med dei ulike kommunane med sikkerheit i avtalane. Dette skulle være ei kurant sak som dessverre blei avslått av fylkesmannen fordi representantskapen i 2007 hadde godkjent ein økonomiplan for 2009 som ikkje var i balanse.
2. **Flytteutgifter.** Styret bad representantskapen om å dekke inn utgifter til flytting med eit eingongsbeløp. Representantskapen av slo dette og bestemte å lånefinansiere flyttinga i staden. Dette ville derimot krevje ei utvida låneramme som igjen treng vedtak i dei ulike kommunestyra. Styret blei beden om å legge fram sak om utvida låneramme til neste møte.

Alarmsentralen har kjøpt inn tryggleiksalarmer for 2008. Samlokalisering med politiet i nytt bygg som blei bestemt i representantskapen i 2004 skjer den 1 desember. Alarmsentralen må ha vedtak frå kvar einskild kommune der ein har gjennomgått og tatt til etterretning protokoll frå representantskapsmøte 4. november 2008. I tillegg må sak 10 – 08 om utvida låneramme til neste møte. Alarmsentralen vil ha dette ferdig handsama og i hende innan 5. desember 2008. Konsekvensen vil vere at Alarmsentralen ikkje har økonomi til å betale sine rekningar i november eller lønne sine tilsette i desember.

# LEIKANGER KOMMUNE

## MØTEBOK

### Oppmoding om busetting av flyktningar i 2009

---

Sakshandsamar: Gunnar Steine  
Arkivsak nr.: 08/578

---

Arkiv: F30 &73

Sak nr.:	Utval	Møtedato
110/08	Formannskapet	04.11.2008
60/08	Kommunestyret	13.11.2008

#### Formannskapet sitt FRAMLEGG TIL VEDTAK:

##### Kommunestyret vedtek:

Leikanger kommune er oppteken av å imøtekoma oppmodinga om å busetje flykningar i 2009/2010.

Leikanger kommune har ein stram arbeidsmarknad. Med den spesielle på arbeidsmarknaden med få private næringsverksemdar ser kommunen store utfordringar med den viktige delen av intergeringa i form av tilbod om jobb. Leikanger har også utfordringar knytt til ledige husvære. Desse viktige utfordringane gjer at oppmodinga om å ta i mot 30 personar er større enn kommunen kan makte å ta ansvar for med tanke på ei vellukka intergering.

Leikanger kommune meiner antalet må setjast til maksimum 10 personar i fyrste omgang og at dette antalet inkluderer to familiar.

Kommunen føreset at ein maktar å få på plass dei nødvendige føresetnadene med bustad m.m før ein gjev endeleg melding om mottak.

#### TILRÅDING:

##### Kommunestyret vedtek:

Leikanger kommune er oppteken av å imøtekoma oppmodinga om å busetje flykningar i 2009/2010.

Leikanger kommune har ein stram arbeidsmarknad. Med den spesielle på arbeidsmarknaden med få private næringsverksemdar ser kommunen store utfordringar med den viktige delen av intergeringa i form av tilbod om jobb. Leikanger har også utfordringar knytt til ledige husvære.

**Desse viktige utfordringane gjer at oppmodinga om å ta i mot 30 personar er større enn kommunen kan makte å ta ansvar for med tanke på ei vellukka integrering.**

**Leikanger kommune meiner antalet må setjast til maksimum 10 personar i fyrste omgang og at dette antalet inkluderer to familiar.**

**Kommunen føreset at ein maktar å få på plass dei nødvendige føresetnadene med bustad m.m før ein gjev endeleg melding om mottak.**

#### **DOKUMENT:**

- IMDI brev av 09.09.2008 (vedl)

#### **SAKSUTGREIING:**

Integrerings- og mangfoldsdirektoratet har (IMDI) har bede Leikanger kommune om å busette 30 flykningar i 2009 og 2010. Familiegjennforening kjem i tillegg til dette talet. IMDI ønskjer svar på oppmodinga innan 15 november 2008.

Dei fleste som vert busette kjem frå mottak. Det er vanskeleg å seie kva grupper som vil få opphaldsløyve. IMDI har orientert kommunen om at det handlar om ei rekkje ulike nasjonalitetar. Dei største gruppene som i dag ventar på busetting kjem frå Somalia, Palestina, Irak og Afganistan. Fleire av desse er einslege. Mange har familie i heimlandet, og vil truleg søkje om familiegjennforening.

#### **Tidlegre erfaringar:**

Kommunen vedtok busetting av inntil 20 flykningar i 2000 og inntil 15 flykningar i 2001 medrekna familiegjennforening og inntil 5 flykningar i tillegg til familiegjennforening i 2002. I 2003 vart kommunen oppmoda om å ta imot 10 nye flykningar men etter ei samla vurdering valde kommunestyret å seie nei til fleire busettingar.

Avslaget var grunngeve med dei store utfordringane kommunen erfarte med å skaffe høvelege bustader, tilbod om norskopplæring og varig arbeidstilbod som kunne gjere flyktinga sjølvhjelpne og uavhengige av offentlege stønadsordningar.

Den viktige delen av integreringa med permanent tilbod om arbeid har synt seg å vera svært krevjande for Leikanger. For dei av flyktingane som har utdanning frå heimlandet er det ofte vanskeleg å få godkjent denne utan tilleggsutdanning. Kommunen har svært få arbeidsplassar for ufaglærte, og det var vanskeleg å få innpass på same marknaden i nabokommunane. Denne situasjonen er ikkje enklare i dag.

Situasjonen i dag syner at opphaldet i Leikanger vart ein mellomstasjon på veg til meir permanent busetting i større sentra i Akershus og Østfold. I dag er berre att ein familie som bur permanent i Leikanger. Dette er lite tilfredsstillande for flyktingane sjølve, og ei særskild dyr ordning for småkommunar som får ansvaret for tilbodet den fyrste tida.

#### **Økonomi**

Kommunen vil motta om lag kr 515.000 i integreringstilskot for kvar person som blir busett. Tilskotet blir utbetalt med ulike summar over 5 år med størst sum dei fyrste åra.

Etter 5 år er det føreset at flykningane skal vera sjølvhjelpne og økonomisk uavhengige av offentlege stønadsordningar.

Det er også oppretta nokre særskilte stønadsordningar for einslege mindreårige og personar med funksjonshemmingar og adferdsvanskar.

Husbanken har eigen tilskotsordning til kommunar som må bygge nye bustader.

Tidlegare mottak har synt at kommunen ikkje kan rekne med å få dekking av alle kostnadene som følgjer med busetjing.

### **Rådmannen sin vurdering**

Med bakgrunn i dei erfaringane kommunen har gjort tidlegare meiner ein oppmodinga om å ta i mot heile 30 personar pluss familiegjenforeningar blir alt for krevjande for Leikanger over så kort tidsrom . Det følgjer eit stort og viktig ansvar med busetjingar der målet må vera at integreringa skal vera god og vellukka for alle partar.

Kommuane har likevel eit stort ansvar i arbeidet med busetjing av flyktningar og bør strekke seg langt for å imøtekoma oppmodingar frå IMDI.

I dette spørsmålet må kommunen likevel ta utgangspunkt i kva ein maktar å legge til rette av heilt avgjerande føresetnader i form av bustad, arbeid, språkopplæring, tenestetilbod og hjelp med dei fleste praktiske ting dei fyrste åra.

Rådmannen meiner Leikanger i fyrste omgang bør gje signal om at kommunen vil forsøke å ta imot 10 flyktningar i tidsperioden 2009/2010 der antalet inkluderer to familiar.

Med denne tilrådinga legg rådmannen til grunn at administrasjonen blir styrka med nødvendige personalressursar til å følgje opp integreringa og at ein maktar å finne løysing på bustadbehovet. Ein legg vidare til grunn at ein får avtale med nabokommunar om samarbeid på ulike oppgåver som t.d norskopplæring.

# LEIKANGER KOMMUNE

## MØTEBOK

### Uttale til handlingsprogram - vegnett

Sakshandsamar: Odd Arve Rakstad  
Arkivsak nr.: 08/685

Arkiv: Q13

Sak nr.:	Utval	Møtedato
111/08	Formannskapet	04.11.2008
61/08	Kommunestyret	13.11.2008

#### Formannskapet sitt FRAMLEGG TIL VEDTAK:

**Leikanger kommunestyre vil koma med følgjande innspel til handlingsprogrammet for det utvida fylkesvegnettet for perioden fram til 2019:**

1. Riksveg 55 – miljøpriortert gjennomkøyring i sentrum
2. Fylkesveg 185 med breiddeutviding på strekninga Njøsabakken – Holeskardkrysset samt bygging av gangveg frå rv 55 til bustadfeltet
3. Hjedl Riksveg 55 med bygging av ny gangveg Båthamna – Kløvi og ny avkøyring til Kløvi aust.
4. Riksveg 55. Utbetring av strekninga Hella – Hermansverk

Grunngjeving for dei prioriterte prosjekta går fram av saksutgreiinga

#### TILRÅDING:

**Leikanger kommunestyre vil koma med følgjande innspel til handlingsprogrammet for det utvida fylkesvegnettet for perioden fram til 2019.**

1. Fylkesveg 185 med breiddeutviding på strekninga Njøsabakken – Holeskardkrysset samt bygging av gangveg frå rv 55 til bustadfeltet Hjedl.
2. Riksveg 55 – miljøpriortert gjennomkøyring i sentrum
3. Riksveg 55 med bygging av ny gangveg Båthamna – Kløvi og ny avkøyring til Kløvi aust.
4. Riksveg 55. Utbetring av strekninga Hella – Hermansverk

Grunngjeving for dei prioriterte prosjekta går fram av saksutgreiinga.

**DOKUMENT:**

- Sogn og Fjordane Fylkeskommune – e-post 24.10.2008
- Fylkeskommunen – handlingsprogram 2010 – 2013 (19), (vedl).

**SAKSUTGREIING:**

**Bakgrunn**

I samband med forvaltningsreforma og Stortinget sitt vedtak om etablering av eit meir omfattande fylkesvegnett, har fylkeskommunen fått ansvaret for å utarbeide handlingsprogram for eit fylkesvegnett som omfattar dagens fylkesvegnett og det øvrige riksvegnettet utanom stamvegnettet.

Handlingsprogrammet skal godkjennast av fylkestinget i desember 2009 og inngå som ein del av Nasjonal transportplan for 2010 – 2019. Nasjonal transportplan skal vedtakast av Stortinget.

Fylkeskommunen vil få ansvar for finansiering av drift, vedlikehald og investeringar på det utvida fylkesvegnettet.

Som ledd i arbeidet med handlingsprogrammet har fylkeskommunen oppmoda kommunane om å koma med innspel på aktuelle vegprosjekt.

Fristen er sett til 17.november 2008 og innspela skal vera prioriterte og grunngeve.

**Vurdering**

Rådmannen meiner Leikanger kommune bør fremje behov for følgjande vegprosjekt:

1. Fylkesveg 185 med særskilt vekt på strekninga Njøsabakken – Holeskardkrysset. Strekninga frå rv 55 og opp til toppen av Njøsabakken vart utvida i 2005. Utbetringa resulterte i ei stor betring av trafikksituasjonen i form av framkomst og tryggleik. Det er stort behov for at same breiddeutvidinga blir forlenga fram til Holeskardkrysset. Strekninga er smal og vanskeleg for møtande trafikk. Den er utrygg for gåande og syklistar. Når kommunen i løpet av 2009 vedtek ny kommuneplan for 2008 – 2016 vil Askedalsvegen bli teken ut. Det betyr at fylkesveg 185 med nåverande trase om Njøsabakken blir den framtidige løysinga. For å betre tryggleiken til dei mjuke traikkantane bør det også byggast gangvegfelt frå rv 55 til Hjedl.
2. Riksveg 55. Miljøprioritert gjennomkøyning i Hermansverk sentrum. I samarbeid med private nærings- og forretningsverksemdar har kommunen sett i gang ei omfattande opprusting og nyetableringar i sentrum av Hermansverk. Som ledd i denne satsninga er det utarbeidd ein sentrumsplan der gjennomføringa av rv 55 inngår som ein del av den nye sentrumsplanen. Med den foreståande opparbeidinga er det nødvendig av rv 55 gjennom Hermansverk sentrum blir ombygt og tilrettelagt som miljøprioritert gjennomkøyning.
3. Riksveg 55. Ny gangveg på strekninga Båthamna – Kløvi med ny avkøyning. Leikanger kommune vedtok ny reguleringsplan for strekninga i 2007. Reguleringsplanen inneheld gangveg på nordsida av riksvegen fram til ny avkøyning

på Kløvi. Eksisterande gangveg frå Hermansverk sentrum sluttar i dag ved den gamle båthamna. Med aukande trafikk og fleire bustader i området inn til Kløvi er det stort behov for at gangvegen blir forlenga fram til den nye avkøyringa som vist i reguleringsplanen.

Det må også byggast ny avkøyring til austre del av Kløvifeltet. Eksisterande avkøyring er smal, bratt og representerer eit permanent vanskeleg og trafikkfarleg punkt. Bygging av ny avkøyring vil sikre ei trygg og god avkøyring til 5 eksisterande bustadeigedomar på Kløvi. Avkøyringa vil også utløyse moglegheiter for bygging av nye bustader i området.

4. Riksveg 55. Hella –Leikanger.

Kommunen meiner det er stort behov for at denne vegstrekninga blir utbetra. Den er mykje trafikkert, også med store køyrety. Med smale og svingente parti er den vanskeleg for møtande trafikk og utsett for mjuke traikkantar. Det er registrert fleire ulukker på strekninga.

Sognekraft AS har lagt fram planar for kraftutbygging i Leikanger. Planane er så konkrete at det vil bli søkt om konsesjon i løpet av 2008. I desse planane inngår bygging av kraftstasjon i fjellhall plassert i Supham. Saman med bygging av overføringstunnel er det kalkulert med eit samla masseuttak på om lag 160.000 m<sup>3</sup> som kan nyttast til samfunnsnyttige føremål. Leikanger kommune meiner det snarast må startast opp arbeid med reguleringsplan som syner korleis dette steinvolumet kan nyttast til utbetring av riksveg 55 på strekninga Hella – Leikanger.

# LEIKANGER KOMMUNE

## MØTEBOK

### Utvalde kulturlandskap i jordbruket - forvaltningsplan for Grinde - Engjasete

Sakshandsamar: Per Holen  
Arkivsak nr.: 08/360

Arkiv: V08

**Sak nr.:** Utval  
62/08 Kommunestyret

**Møtedato**  
13.11.2008

#### TILRÅDING:

**Leikanger kommunestyre vedtek å arbeida for at retningslinjene i kapittel 6.1 i planutkastet vert innarbeidd i kommuneplanen ved revisjon av arealdelen som omfattar Grinde – Engjaseteområdet.**

#### DOKUMENT:

- Utkast til forvaltningsplan (vedlagt)
- Kommuneplan for Leikanger 2002 – 2014.

#### SAKSUTGREIING:

Fylkesmannen si landbruksavdeling har sendt over til sentrale styremakter utkast til forvaltningsplan for Grinde – Engjasete 2009 – 2029.

Kommunen er bedt om å vedta korleis forvaltningsplanen kan koplust med kommuneplanen.

Truls Hansen Folkestad frå landbruksavdelinga orienterte kommunestyret om planen på møte 23.10.08.

Plandokumentet inneheld fylgjande forslag til visjon og forvaltningsmål:

#### Visjon

- *Området skal framstå som eit unikt kulturlandskap til nytte og glede for grunneigarar, ålmenta og framtidige generasjonar.*

#### Forvaltningsmål

- *Ta vare på og synleggjera areal og element som er viktige for området sitt kulturhistoriske og biologiske særpreg, gjennom målretta skjøtsel og arealforvaltning*
- *Leggja til rette for samspel mellom ny og gamal busetnad, moderne og tradisjonelt drivne areal, gjennom heilskapeleg planlegging og omsynsfulle tiltak*
- *Utforma området som eit heilskapleg kulturlandskap med stor opplevings- og formidlingsverdi, gjennom målretta tiltak og koordinert innsats*

Avgrensing

Området forvaltningsplanen omhandlar er på omlag 1100 daa. Av desse utgjer dei mest verdifulle kulturmarkene om lag 300 daa. Det er ti grunneigarar i området, der tre framleis har gardsdrift. Grunneigarane er haldne godt orienterte og har medverka i heile planprosessen. Avgrensinga er synt på kartet på side 4. Det var tidleg i prosessen vurdert eit mykje meir omfattande planområde, men av omsyn til potensielle interessekonfliktar med omsøkte kraftlinjer, plassering av transformatorstasjon og kraftutbyggingsplanane er området no avgrensa til kjerneområdet på Grinde – Engjasete.

Planstatus

Området er sett av som LNF-område i kommuneplanen 2002 - 2014. Grindeområdet er ikkje omfatta av revisjonen av kommunedelplanen for Leikanger tettstad. Arealplanen for resten av kommunen skal takast opp til revisjon når sakene om dei omsøkte kraftlinjene og Leikanger kraftverk er slutførde.

I planutkastet er det i kapittel 6.1 på side 12 teke med døme på retningslinjer til arealdelen i kommuneplanen:

- *Området Grinde-Engjasete inngår i det nasjonale utvalet Utvalde kulturlandskap i jordbruket. Det er utarbeidd forvaltningsplan for området der føremålet er å sikra ivaretaking av det unike kulturlandskapet til nytte og glede for grunneigarar, ålmenta og framtidige generasjonar*
- *Arbeid og tiltak innanfor området for forvaltningsplanen, som fell inn under plan- og bygningslova, jordlova eller skogbrukslova, bør vurderast i høve til eventuelle negative konsekvensar for dei verdiane og måla som forvaltningsplanen skal ivareta*
- *Ved handsaming av tiltak i området, bør ein søkje fagleg bistand av fylkesmannen si landbruksavdeling og miljøvern avdeling og/eller fylkeskommunen si kulturavdeling og regionalavdeling*

I planutkastet er det sagt at det i tillegg vil vera ein særns nyttig reiskap i arealforvaltninga å få utarbeida ein landskapsanalyse for området. Ein ser for seg at ein slik "grendaanalyse" skal omfatte faglege tilrådingar for korleis nye tiltak kan plasserast og utformast med omsyn til verdiane i området.

I samfunnsdelen av kommuneplanen kan det leggjast inn eit avsnitt som skildrar kulturlandskapet i kommunen, til dømes under den generelle omtala av ressursgrunnlaget. Vidare kan det leggjast inn mål og intensjonar om å ivareta kvalitetane i kulturlandskapet generelt og kjerneområda for kulturlandskap spesielt.

**Rådmannen si vurdering:**

Gjennom eit tett og godt samarbeid mellom fylkesmannen si landbruksavdeling, grunneigarane og kommunen er planutkastet tilpassa dei ulike interessene som knyter seg til dette området. Avgrensinga er no knytt til kjerneområdet, det vil seia innmarka på Grinde og Engjasete og heimestølen Orrasete. Rådmannen vil på denne bakgrunn tilrå at kommunestyret sluttar seg til framlegget til retningslinjer som ligg i planutkastet.

# LEIKANGER KOMMUNE

## MØTEBOK

### Kommuneplan 2008 – 2016. Utlegging av planen

Sakshandsamar: Per Holen  
Arkivsak nr.: 07/566

Arkiv: 142

63/08 Kommunestyret

13.11.2008

#### TILRÅDING:

Kommunestyret vedtek at framlegg til til kommuneplan for 2008-2016 vert lagt ut til offentleg ettersyn med dette innhaldet:

**A. Samfunnsdelen:**

**B. Kommunedelplan Leikanger:**

Fylgjande utbyggingsområde i gjeldande plan får slik endra arealbruk:

Område	Gnr/bnr	Storleik i daa	Endra frå /til
Hanahaug		6	Industri/service til LNF
Hanahaug	12/12	6	Bustad til LNF
Solbakken Vest	12/1, 12/109	16	10 daa frå bustad til LNF
Lahella	17/140	4	Bustad til friareal

Fylgjande nye utbyggingsområde vert lagt inn i planen:

Område	Gnr/bnr	Storleik i daa	Arealføremål
Njøs aust	24/10	7	Offentleg føremål (kontorbygg)
Njøs aust	24/10	3	Privat næring
Njøs vest	24/18	5	Offentleg føremål (barnehage)
Njøs vest	24/18	6	Privat næring (institusjon)
Grauthaug	24/21	8	Friareal (motoraktivitetar)

**Bustader:**

**Alt.1:**

Njøs aust	24/10	16	Bustader (tett utnytting)
-----------	-------	----	---------------------------

**Alt.2:**

Njøs vest	24/20, 24/18	9	Bustader (tett utnytting)
-----------	--------------	---	---------------------------

**Alt.3:**

Gjertrudbakken	24/1, 22/1, 23/3, 22/3, 22/6,	23	Bustader (tett utnytting)
----------------	-------------------------------------	----	---------------------------

**Alt.4:**

Nybø	16/12	20	Bustader (tett utnytting)
------	-------	----	---------------------------

**DOKUMENT:**

- Vedteke planprogram
- Samfunnsdel, mål og tiltak (vedlagt)
- Notat av 07.11.08 om utbyggingsareal m/kartvedlegg (vert ettersendt)
- Automatisk freda kulturminne (vert ettersendt)
- Kjerneområde landbruk (vert ettersendt)
- Innspel frå Håvard Lefdal Hove og Øyvind Vagstad .

**SAKSUTGREIING:**

ilrådinga er i tråd med konklusjonane frå dei politiske partia si arbeidsmøte 07.11.08.

**UTBYGGINGSAREAL****BUSTADER**

Utviklinga i tal personar pr. bustad har vore slik:

	1960	1970	1980	1990	2001
<b>Norge</b>	3,3			2,4	<b>2,3</b>
<b>Sogn og Fjordane</b>	3,9	3,3	3,0	2,7	<b>2,5</b>
<b>Leikanger</b>	3,4	3,1	2,9	2,8	<b>2,5</b>

I utrekninga av framtidig trong for bustader for Leikanger vert det rekna med **2,2 personar pr.bustad** (hushaldning).

Folketalsutvikling	Auke i folketalet	Trong for nye bustader
<b>Låg</b>	50	<b>22</b>
<b>Høg</b>	100	<b>45</b>

I dei tre åra 2005, 2006 og 2007 gjekk folketalet i kommunen ned med 30 personar, frå 2209 til 2179. I same perioden er det teke i bruk 32 nye bustader. Dette syner at ved å bruka folketalsutviklinga som utrekningsmetode for trongen for nye bustader kjem ein ikkje fram til ei fornuftig dimensjonering.

I den forrige kommuneplanen vart det lagt til grunn bygging av 12 nye bustader pr. år. Med tryggare og betre kommunikasjon mellom Sogndal og Leikanger ved ferdigstilling av tunnelane vil det verta større potensiale for at fleire vel Leikanger som bukommune. Med våre fortrinn innan kommunale tenester, lagsaktivitetar, klima og tilgang til friluftsliv ynskjer Leikanger kommune å vera offensive i arbeidet med å trekkja nye innbyggjarar til kommunen.

**I kommuneplanen vil det difor verta lagt til grunn bygging av 15 nye bustader i året i planperioden.**

For planperioden vert dette  $15 \times 9 = 120$  nye bustader.

Av desse bør 90 liggja innanfor 10-minuttsgrensa frå sentrum (sentrumssona) og 30 utanfor.

#### VURDERING AV RESERVANE I GJELDANDE AREALPLAN

Område (gnr/bnr)	Areal (daa)	Type bustad	Tal bustad	Vurdering	Revidert tal på bustader
Hanahaug (12/12)	6	Tett	8	Området bør takast ut på grunn av omsynet til jordvern, fornminne og målet om å styrka Hermansverk som sentrum.	0
Solbakken Vest (12/1, 12/109)	16	Eineb	14	Området bør reduserast til å dekkja opp forventna etterspurnad etter tomter i denne delen av bygda.	4
Hatlebakkane (12/141)	2	Eineb	2	Kommunen må setja frist for utbyggjar Nordbohusfor sal av tomtene.	2
Henjavegen (17/18)		Eineb	4	Reguleringsplan godkjent i 2007, utbyggjar Jarle Bøyum.	3
Myri, Henja (17/36)	7	Eineb	8	Reguleringsplan godkjent i 1996. 10-årsfristen for ekspropriasjon er ute.	8
Austaberg, Røysa (18/5, 18/7)	9	Eineb	10	Reguleringsplan godkjend i 2008, utbyggjarar Bjørn Hagen og Malen Røysum.	10
Lahella (17/140)	4	Tett	6	Dette området bør setjast av som friareal mot sjøen.	0
Ohnstadhaugen Vest (17/122, 17/123)	8	Eineb	9	Området vart lagt ut etter innspel frå grunneigar. Området har ei helling på 1:3. Tilkomsvegen må førast gjennom etablerte bustadeigedommar. Bør vurderast nøye om det er rett å bruka dette området til einebustader.	11
Skeide (17/22,17/80)		Tett	15	Reguleringsplan Grønlund godkjent 2002, utbyggingsplan for Skeide godkjent 2007. Utbyggjarane er i gang med tilrettelegginga av 4 tomter.	15
Lundene/ Berlebakken (18/5,17/58)	9	Eineb	8	Kommunen er eigar av 5,2 daa. Eigarane av naboeigedommen 17/58 er interessert i sal av om lag 3,7 daa.	8
Riverdalen (24/46, 22/22)	10	Tett	14	Eigar av 24/46 har lagt fram eit bustadprosjekt med 8 -12 bustader.	10
Fjordheim, sentrum (17/7, 17/74)		Tett	7	Eigarane har lagt fram utbyggingsprosjekt som inneheld 7 bustader.	7

Gjertrudbakken (22/1, 23/3)	4	Tett	6	Det var lagt opp til eit mindre bustadområde knytt til den alternative tracèen for ny Askedalsveg på nordvestsida av Njøsaelvi.	2
<b>SUM</b>			<b>111</b>		<b>80</b>

### I SENTRUMSSONA

Ohnstadhaugen Vest	11
Skeide	15
Lundene/Berlebakken	8
Riverdalen	10
Fjordheim	7
Gjertrudbakken	<u>2</u>
Sum	53 bustader.

Manglar:  $90 - 53 = 37$  bustader, tilsvarende  $37 \times 0,7$  daa = **26 daa**.

### RESERVAR UTANFOR SENTRUMSSONA

Solbakken vest	4 bustader
Hatlebakkane	2
Myri	8
Austaberg	10
<u>Henjavegen</u>	<u>3</u>
Sum	27 bustader

Manglar:  $30 - 27 = 3$  bustader, tilsvarende  $3 \times 1,2$  daa = **3,6 daa**.

Dette kan dekkast opp ved ei utviding av det private bustadområdet Henjavegen med 3 tomter på nordsida av vegen, jfr. innspel frå Jarle Bøyum (17/18).

### ANDRE AREALBEHOV I SENTRUMSSONA

Barnehage	5 daa
Kontorbygg	7 daa
Institusjon Per Steinar Melås	6 daa

### ALTERNATIVE UTBYGGINGSOMRÅDE

Alt 1: Njøs Aust :	16 daa bustad
	3 daa næring
	<u>7 daa</u> offentleg kontorbygg
	26 daa

Alt 2: Njøs Vest: 9 daa bustad  
5 daa barnehage/inkl. spesialområde fornminne  
6 daa privat institusjon  
20 daa

Alt.3: Gjertudbakken 23 daa bustad

Alt.4: Fylkesmannsgarden 20 daa bustad

## FØREBELS VURDERING AV OMRÅDA

### Kjerneområde landbruk:

Utgreiing frå landbrukssjefen i Sogndal, der landbruksområda er delt i fylgjande :

Matproduksjon: Svært høgt eller høgt produksjonspotensiale

Kulturlandskap: Regional og lokal verdi.

### Potensiale for funn av fornminne:

Utgreiing frå arkeolog om potensiale for funn av automatisk freda fornminne delt i fyljande:

Svært stort

Middels

Lite

Område	Kjerneområde jordbruk	Potensiale for funn av fornminne	Ras- og flaumfare	Terrenghelning	Byggegrunn	Infrastruktur
<b>Njøs Aust</b>	Svært høgt produksjonspotensiale	Øvre del – svært stort Nedre del - middels.	Ingen (avgrensinga mot aust må vurderast nøyare)	1 : 4 i aust 1 : 8 i vest	Matjord, morene, litt fjell i dagen	Hovudvegen (Njøsavegen) er utbygd med vatn og avløp. Avløp frå austre del må pumpast. Manglar gangveg mot barneskule/ idrettsanlegg.
<b>Njøs Vest</b>	Svært høgt produksjonspotensiale	Svært stort	Ingen	1 : 8 nedre del 1 : 20 øvre del	Matjord, morene, litt fjell i dagen.	Hovudvegen (Njøsavegen) er utbygd med vatn og avløp. Manglar gangveg mot barneskule/ idrettsanlegg
<b>Gjertrudbakken</b>	Svært høgt produksjonspotensiale	Svært stort	Ingen.	1 : 30	Matjord, morene	Utbygd med vatn og avløp. Kapasiteten på avløpsanlegget

						må kontrollerast. Manglar gangveg mot barneskule/ idrettsanlegg
<b>Fylkes- manns- garden</b>	Stor lokal og regional verdi som kulturland- skapsområde	Nedre del - svært stort  Øvre del - middels	Risagrovi må sikrast	1 : 2,6 i vest 1 : 3,5 i aust	Matjord, morene	Området er langt (500m) og smalt (40m) og er ikkje optimalt med omsyn til utnytting. Kapasiteten på avløpsanlegget må kontrollerast.

# LEIKANGER KOMMUNE

## MØTEBOK

### Orienteringar

---

Sakshandsamar: Odd Arve Rakstad  
Arkivsak nr.: 08/716

---

Arkiv:

**Sak nr.:** Utval  
64/08 Kommunestyret

**Møtedato**  
13.11.2008

### TEMA:

1. **Kraftfondet – økonomisk status pr 11.11.2008**
2. **Satfen as – status og framdrift byggeprosjekt**
3. **Eventuelt**